

## Handlingsplan skoleåret 2020-21 Gjermundnes vgs

Handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i *Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal for perioden 2020-2024*, og prioriteringar i skolen sin oppdragsavtale.

### Utviklingsområde og utviklingsmål

Skolen vil skoleåret 2020-21 arbeide med følgande prioriterte utviklingsområde og utviklingsmål:

## Læringsmiljø

### Prioriterte område og resultatmål:

Skulen utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle ved å vidareutvikle skulens innsatsteam mot mobbing og involvere personalet og elevane i dette arbeidet.

#### Tiltak:

- Ved Gjermundnes vgs utgjør leiarteamet saman med Ase Alme frå PPT skulen sitt innsatsar mot mobbing
- Teamet ser til at det vert utarbeida førebyggjande tiltak og at mobbesaker vert handtert på ein god og sikker måte. PPT skulle vere ein
- Alle tilsette vert gitt opplæring i dei førebyggjande tiltaka som skal utøvast av dei tilsette. På same måte vert det gitt opplæring i system for vidaremelding
- Elevane vert involvert i skulen sitt system mot mobbing frå første skuledag leia av kontaktlærer. Etter kvart vert elevråd og skulemiljøutvalet involvert i arbeidet. Den tilsette som har særskild oppfølgingsansvar av elevane sine rådsorgan ser til at dette vert gjort.

### Resultatmål:

Skulen må i si handlingsplan lage tiltak for å skape eit betre grunnlag for elevdemokrati og medverknad ved skulen.

#### Tiltak:

- Skuleleiinga skal legge til rette for at elevdemokratiet og elevmedverknad fungerer optimalt. Ein tilsett har i oppgåve å vere støttespelar for elevrådsarbeidet.
- Skulen ser til at tillitselev og elevråd vert vald seinast i veke 36.
- Elevane er representert i Skuleutvalet og har fleirtal i Skulemiljøutvalet
- Skulen ser til at elevrådet får opplæring i elevdemokrati gjennom at rektor gjev opplæring i samband med etablering
- Skulen legg til rette for at fylkes sitt elev- og lærlingombod gjennomfører opplæring av elevane på Gjermundnes hausten.
- Skulen legg tilerette for at Elevorganisasjonen får høve til å gje elevane på skulen opplæring i arbeidet denne organisasjonen er engasjerte i.
- Det vert lagt til rette for at skulen sine elevar er representert i møter og opplæring i regi av Elevorganisasjonen, Fylkeskommunen og Elev- og lærlingombodet

## Læringsresultat

### Resultatmål:

Skuleleiinga må leggje til rette for at det nye læreplanverket og VIS verte implementert på ein knirkefri og god måte

### Tiltak:

- Fylkeskommunen si plan for arbeidet med Fagfornyninga er retningsgjevande for arbeidet ved skulen.
- Skulen har eigen plan for arbeidet med fornyinga fram mot hausten 2020. Rektor legg til rette for at det blir satt av tid og etablert samarbeidsfora for læreplanarbeid på skolen. Det er oppretta ei arbeidsgruppa som leier dette arbeidet
- Med omsyn til overgang til VIS så deltek nøkkelpersonar i opplæringa i regi av skuleeigar. Legg opp til at vi vil vere klar til å planlegge skuleåret 20-21 i VIS

### Resultatmål:

Skulen må fortsette arbeidet med vurdering for læring.

### Tiltak:

- Det er utarbeida egne retningslinjer for vurderingsarbeidet ved Gjermundnes. Dette skal rundt skulestart takast opp som tema på fellesmøte for det pedagogiske personalet
- Retningslinjene skal ein gong i året oppdaterast og vere tilgjengeleg for det pedagogiske personalet i skulen sitt kvalitetsystem
- Det skal leggest tilrette for erfaringsutveksling i avdelingsmøter gjennom skuleåret

## Gjennomføring

### Resultatmål:

Fylkesutdanningssjefen har store forventningar til elevar, lærarar og leing ved skulen og finn det som ei rimelig målsetting at gjennomføringa blir stabil på rundt 80 % pr. skuleår i perioden.

### Tiltak:

- Gjermundnes vgs har etablert eiga avdeling for spesialpedagogikk. Skulen har høg kompetanse på spesialpedagogikk. Dette er med å kvalitetssikrar arbeidet oppfølging og med det arbeidet for å auke gjennomstrømminga
- FYR – (yrkesretting av fellesfaga) er sentralt i å auke gjennomføringa. Skulen har etablert strukturar for dette arbeidet. Dette strukturarbeidet må følgast opp.
- Skulen har eiga gruppe for dei elevane som har treng størst hjelp i tilpassinga av opplæringa. Dette for å etablere god spesialpedagogisk kompetanse rundt desse elevane.
- Skulen har sterkt fokus på utarbeiding av gode individuelle opplæringsplaner for elevar som har trong for dette.
- Store delar av det pedagogisk personale ved skulen har fått høgda kompetanse i vurdering for læring gjennom fullføring av skulebasert MOOC i Vurdering for læring - SkoleVFL.
- Skulen vil skuleåret systematisere kollegarettleing og skulevandring. Klasseleing, felles regelhandtering og vurdering for læring skal ha fokus .
- Skulen gjer seg nytte av den rike opplæringsarenaen vi har til rådvelde for å motivere til høgare gjennomføring
- Kontaktlærer si rolle i dette arbeidet med gjennomføring må kvalitetssikra gjennom at kontaktlærarrolla har fokus og arbeidet dei gjer vert følgd opp av leiinga.
- Skulen har eit nært og formalisert samarbeid med PPT Vestnes. Som eit resultat av dette har skulen tilgang til høg helsefagleg og pedagogisk kompetanse som gjer tiltak og vurderer tiltak der det vert avdekka trong.
- Skulen legg stor vekt på å ha eit godt og konstruktivt samarbeid med Helsesøster og OT koordinator. Dette er arbeid som er sentralt i å få opp gjennomføringa

### Resultatmål:

Arbeidet skal forankrast i heile personalgruppa slik at en mellom anna kan få ned fråveret og talet på dei som sluttar ved skulen.

### Tiltak:

- Handlingsplana vert handsama i skulen sine rådsorgan etter å ha vore ute til høyring.
- Data frå Hjernen&Hjertet vert handsama avdelingsvis og dannar grunnlag for tiltak.
- Elevane skal oppleve at arbeid som klassetillitsvald, elevråds- og skulemiljøutvalarbeid skal bli verdsatt og tilrettelagd av alle tilsette ved skulen.
- Rektor og tilsett med dette som sitt særlege ansvarsområde har særskild ansvar i å få dette arbeidet til å fungere.

## Leiing og profesjonsutvikling

### Resultatmål:

Skulen må fortsette det gode og systematiske arbeide med handlingsplan og leiinga må vere ein aktiv bidragsyter i profesjonsutviklinga ved skulen.

### Tiltak:

Oppdragsavtalen er lagt fram i leiarmøte, personalmøte og handsama i drøftingsmøte. Her er det kome fram innspel til tiltak med tanke på at det vert utarbeida ei handlingsplan. Leierteamet utarbeider så eit førebels framlegg til handlingsplan som vert lagt fram for personalet med oppfordring til å komme med innspel.

Framlegg til handlingsplan vert også lagt fram for elevrådet som vert oppfordra til å komme med innspel.

Endeleg framlegg vert handsama i drøftingsmøte, elevrådet, AMU og i Skuleutvalet.

Handsama i drøftingsmøte:	24.09.2019
Handsama i AMU:	20.11.2019
Handsama i skulemiljøutvalet Gjermundnes vgs:	22.10.2019
Handsama i skuleutvalet Gjermundnes vgs:	19.09.2019

Gjermundnes vgs  
07.10.2019

Aadne Haarr  
Rektor